



Forbrødring i Babite i fjor vår – no blir det forbrødring i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Helgheim kjem til å vera "base" når topp-koret "Atskana" frå Babite i utkanten av Riga kjem på tredagarsvitjing til Uskedalen og Kvinnherad i månadsskiftet april/mai. Vertskap er "Røysterett for alle" og dette er ein gjenvissitt for vitjinga hjå "Atskana" (tyder ekko) i april i fjor. Planleggjinga av vitjinga har allereie kome langt. Programmet er klart i store trekk, opplyser leiar Svein Rimestad til uskedalen.no.



Om den framifrå dansegruppa kjem er enno ikkje klart. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Atskana" er eitt av de beste kora i Rigaområdet og Latvia og det seier ikkje så lite. Under utakinga til landsfestivalen i fjor kom det på femteplass blant Riga-kora. Det har gjort det skarpt i mange år, ikkje berre i heimlandet men også under internasjonale festivalar og er svært reisevant. Til dømes har songarane vore åtte gongar berre i Tyskland og tre i Danmark, men dette er første gongen dei kjem til Noreg. Dei vil vera rundt 50 i talet når dei kjem til Uskedalen i eigen buss seint på natta til 1. mai og blir innkvartert hos vertsfamiliane. Vertskap vil i stor grad vera songarane i "Røysterett for alle", men Rimestad opplyser at dei manglar 10-12 overnattingsplassar og helst ønskjer dei så sentralt som mogeleg – det vil seie i Uskedalen. "Atskana" har også ei framifrå dansegruppe, men om denne blir med er førebels ikkje avklart.

Før latviarane forlet Kvinnherad seint natt til måndag 4. mai vil dei ha gjennomgått eit stramt program. Første dagen er det mellom anna fellesøving i Helgheim fordi kora skal syngja under 1.mai-arrangementet i Kulturhuset på Husnes. Seinare på dagen går ferda til Halsnøy Kloster der dirigent Maria Malmsten er vertskap fordi ho for tida er ansvarleg for drifta av institusjonen.

Laurdag 2. mai blir det guida tur innover fjorden med Rosendal og Sundal som faste punkt og om kvelden står fest i Helgheim på programmet.

Føremiddagen søndag blir nytta til kulturhistorisk vandring i Uskedalen – truleg heilt opp til Fjellandsbø - og om ettermiddagen kjem truleg det som blir høgdepunktet under vitjinga: Open konsert i Aktivitetshuset. I tillegg til korsongen er også andre innslag velkomne der utan at planleggjarane førebels kan seie kva det blir.

Om kvelden blir det naturleg nok eit avslutningsssamver – truleg i Dønhaugkjedlaren - og det er naturleg at gjestene der blir traktert med lokal mat.

To hovud-komitear arbeider med opplegget – ein komite for praktiske ting og ein med det kunstnarlege innhaldet – og i tillegg kjem fleire underkomitear. Alle som syng i koret er å finna i ein komite. Latvia-vitjinga vil sikkert bli eit minne for livet - for begge partar.

Av Ola Matti Mathisen